

## **Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - Kunngjering offentlig høyring og ettersyn for framlegg til planprogram - kunngjering interne**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune gjorde i møte 1.9.2020, sak 045/20, vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan oppvekst, og vedtok samstundes å leggje ut framlegg til planprogram på høyring og offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova sine prosessreglar §§ 11-12 og 11-13.

### **Kommuneplan og kommunedelplan**

Kommuneplanen er todelt og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kort fortalt seier samfunnsdelen kva mål og strategiar vi skal arbeide etter når vi utviklar kommunen vår, medan arealdelen visar kva aktivitet vi skal ha kor i kommunen. I tillegg til dette kan kommunen i naudsynt grad utarbeide kommunedelplanar for einskilde samfunnstema, område eller delar av verksemda. Kommunedelplan for oppvekst er prioritert i planstrategi for Alver kommune 2020-2024, og planen vil utdjupe føringar frå samfunnsdelen samstundes som den synleggjer rammer, behov og utviklingstrekk for fagområdet. Planen vil vere ein viktig del av kommunen sitt styringsverktøy.

### **Kva er eit planprogram?**

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet. Programmet visar korleis arbeidet med delplanen skal skje, kva tema ein ønskjer å fokusere på, korleis innbyggjarar skal medverke og gje råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Grunnlaget for planprogrammet delar også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

### **Medverknad**

Alver kommune ønskjer å vere i utvikling i bruk av verktøy og metode for involvering og medverknad. For kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplanane oppvekst og helse, sosial og omsorg gjennomfører vi eit felles medverknadsopplegg. Dette er skildra i planprogrammet.

Grunna restriksjonar i samband med koronaviruspandemien vert rammene for kvar og korleis vi kan leggje til rette for involvering stadig utfordra og det gjer at vi mellom anna også må leggje større vekt på digitale løysingar. Målet med medverknad og involvering i planprosessane er mellom anna å byggje felles identitet for innbyggjarane i Alver kommune.

### **Slik kjem du med innspel til planprogrammet:**

Planprogrammet til kommunedelplan oppvekst ligg ute til høyring og offentlig ettersyn i perioden 12.9.2020 til 24.10.2020. Du finn også aktuelle dokument på heimesida [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no), vel «Høyringar og kunngjeringar». **Merknadsfrist er 24.10.2020.**

Send gjerne vidare denne informasjon til dine nærkontaktar.

Alver kommune Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Rolf Raknes  
Rådgevar